

---

**Fra:** Silje Aileen Hjortland Haukedal  
**Sendt:** mandag 13. august 2018 15.02  
**Til:** kenneth.haugseth@biovac.no  
**Kopi:** Kristin Kjeilen; Kristoffer Hagenes; Tonje Nepstad Epland; Postmottak Radøy; Hogne Askeland  
**Emne:** Brattetaule gnr. 66 bnr. 1

Hei,

Synar til e-post den 03.07.2018.

Kommunen har etterspurt søknad om løyve ettersom minirensanlegget aldri har vore søkt om etter plan- og bygningslova.

Det stemmer som du skriv at Biovac sendte inn ansvarsrett i 2008. Samstundes fekk kommunen aldri søknad om tiltaket. Ansvarsretten skulle ha vore ein del av søknaden.

Ein søknad om minirensanlegg etter plan- og bygningslova er ansvarsbelagt og i den forbinding er det naudsynt med ein oppdatert ansvarsrett frå dykk for at ansvarlig søker kan få sendt inn søknaden.

Kommunen ser det ikkje som problematisk at dykk erklære ansvar for prosjektering. Dykk skriv vidare i e-posten at minirensanlegget er førehandsgodkjent og ikkje krev prosjektering. Prosjekteringa av minirensanlegget omfatta meir enn sjølve anlegget, der i blant plassering og leidningsnett.

Med helsing

Silje Haukedal  
Seniorrådgjevar tilsyn / Jurist

**Radøy kommune**

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no)

